



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 912 583 813
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: DEN MANGFALDIGE SCENEN AS
Forretningsadresse: Rosenkrantz' gate 8
0159 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Liv Hege Skagestad
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 23.04.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 06.08.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekter		3 997 532	2 860 345
Sum inntekter		3 997 532	2 860 345
Kostnader			
Varekostnad		191 022	273 604
Lønnskostnad	2	3 455 848	2 135 989
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	3	7 105	0
Annan driftskostnad		551 375	396 976
Sum kostnader		4 205 350	2 806 569
Driftsresultat		-207 818	53 777
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		1 123	718
Sum finansinntekter		1 123	718
Annan rentekostnad		389	121
Annan finanskostnad		0	367
Sum finanskostnader		389	488
Netto finans		734	230
Resultat før skattekostnad		-207 084	54 007
Årsresultat		-207 084	54 007
Overføringer og disponeringar			
Overføring til/frå annan egenkapital		-207 084	54 007
Sum overføringer og disponeringar		-207 084	54 007



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	0	0
Maskinar og anlegg	3	0	0
Skip, riggar, fly og liknande	3	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	3	38 222	0
Sum varige driftsmiddel		38 222	0
Sum anleggsmiddel		38 222	0
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundekrav		0	10 000
Andre krav		80 393	84 901
Sum krav		80 393	94 901
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande		727 080	681 045
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		727 080	681 045
Sum omløpsmiddel		807 473	775 947
SUM EIGEDELAR		845 695	775 947
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital		60 000	60 000
Sum innskoten eigenkapital		60 000	60 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Opptent egenkapital			
Annan egenkapital		45 995	253 079
Sum opptent egenkapital		45 995	253 079
Sum egenkapital		105 995	313 079
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		142 763	264 349
Skuldige offentlige avgifter		183 597	97 340
Anna kortsiktig gjeld		413 340	101 179
Sum kortsiktig gjeld		739 700	462 867
Sum gjeld		739 700	462 867
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		845 695	775 947



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2024 677906

Enheten

Organisasjonsnummer: 912 583 813
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: DEN MANGFALDIGE SCENEN AS
Forretningsadresse: Rosenkrantz' gate 8
0159 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Liv Hege Skagestad
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 23.04.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 27.07.2024



Organisasjonsnr: 912 583 813
DEN MANGFALDIGE SCENEN AS

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekter		3 997 532	2 860 345
Sum inntekter		3 997 532	2 860 345
Kostnader			
Varekostnad		191 022	273 604
Lønnskostnad	2	3 455 848	2 135 989
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	3	7 105	0
Annan driftskostnad		551 375	396 976
Sum kostnader		4 205 350	2 806 569
Driftsresultat		-207 818	53 777
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		1 123	718
Sum finansinntekter		1 123	718
Annan rentekostnad		389	121
Annan finanskostnad		0	367
Sum finanskostnader		389	488
Netto finans		734	230
Resultat før skattekostnad		-207 084	54 007
Årsresultat		-207 084	54 007
Overføringer og disponeringar			
Overføring til/frå annan eigenkapital		-207 084	54 007
Sum overføringer og disponeringar		-207 084	54 007



Organisasjonsnr: 912 583 813
DEN MANGFALDIGE SCENEN AS

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	0	0
Maskinar og anlegg	3	0	0
Skip, riggar, fly og liknande	3	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	3	38 222	0
Sum varige driftsmiddel		38 222	0
Sum anleggsmiddel		38 222	0
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundekrav		0	10 000
Andre krav		80 393	84 901
Sum krav		80 393	94 901
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande		727 080	681 045
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		727 080	681 045
Sum omløpsmiddel		807 473	775 947
SUM EIGEDELAR		845 695	775 947
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital		60 000	60 000
Sum innskoten eigenkapital		60 000	60 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		45 995	253 079
Sum opptent eigenkapital		45 995	253 079



Sum egenkapital	105 995	313 079
Sum langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	142 763	264 349
Skuldige offentlige avgifter	183 597	97 340
Anna kortsiktig gjeld	413 340	101 179
Sum kortsiktig gjeld	739 700	462 867
Sum gjeld	739 700	462 867
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	845 695	775 947



Organisasjonsnr: 912 583 813
DEN MANGFALDIGE SCENEN AS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

1

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i tråd med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små verksemder. Inntekter Offentlege tilskot vert fakturert samarbeidspartner 4 gonger i året. Andre inntekter vert fakturert etter at dei er leverte. Krav Kundekrav og andre krav er oppført i balansen til pålydande med eventuell frådrag for ei avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort etter ei individuell vurdering av kvart einskild krav. Varige driftsmidlar Varige driftsmidlar som overstig kr. 15.000 vert balansefort og skrive av ut frå den forventa levetida på driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført som driftskostnader, medan påkostnader eller forbetringar vert lagt til kostprisen på driftsmiddelet og vert avskrive i same takt som sjølve driftsmidlet. Forøvrig er følgjande rekneskapsprinsipp nytta: FIFO-metoden for tilordning av kjøpskostnaden for ombyttbare finansielle eignedeler. Prinsippet om lavaste verdi for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar. Skatt Den mangfaldige scenen AS er eit selskap som ikkje har profitt som hovudføremål og er etter søknad til Skatt Øst såleis friteken for skatt i tråd med Skattelovens § 12-2.

Note

2

Tal på årsverk i rekneskapsåret

5.00

Sum Beløp

Note

3

Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar

<u>Anskaffingskost 01.01.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eiged.</u>
	0.00	0.00
<u>Tilgang i året</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eiged.</u>
	45327.00	0.00
<u>Anskaffingskost 31.12.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eiged.</u>
	45327.00	0.00
<u>Samla av-/nedskriv.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eiged.</u>
	7105.00	



<u>Balanseført verdi 31.12.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eigned.</u>
	38222.00	0.00

<u>Årets av-/nedskriv.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eigned.</u>
	3.00	0.00

Anskaffingskost - balanseførte lånekostnader, eigentilvirka anleggsmiddel

Goodwill spesifisert for kvar enkelt verksemdkjøp

Avskrivingsplan for goodwill som er lenger enn fem år - begrunning

Meir om varige driftsmiddel/immaterielle eignedelar

Konsernrekneskap

Morselskapet sitt namn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikkje er tatt med i konsolideringa

<u>Samla beløp - tilknytt selskap</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
---------------------------------------	--------------	------------------

<u>Samla beløp - føretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--	--------------	------------------

<u>Samla beløp - føretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--	--------------	------------------

<u>Samla beløp - felles kontrollert verksemd</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--	--------------	------------------

<u>Pantstillingar</u>	<u>Beløp</u>
-----------------------	--------------

<u>Behaldning av egne aksjar</u>	<u>Tal på aksjar</u>	<u>Pålydande</u>	<u>Andel av aksjek.</u>
----------------------------------	----------------------	------------------	-------------------------

Note

Noteopplysingar ut over minimumskrava for små føretak

Årsrekneskapen for 2023 er sett opp der forutsetninga er framleis drift av selskapet.



PKF ReVisjon AS
Sandakerveien 114A
0484 Oslo

+47 22 78 28 00
post@pkf.no
pkf.no

Org./revisornr. 983 773 370
Medlem av Den norske Revisorforening

Til generalforsamlinga i
Den mangfaldige Scenen AS

UAVHENGIG REVISOR SI MELDING FOR 2023

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Den mangfaldige Scenen AS som viser et underskot på kr 207 084. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp. Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen et rettvise bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata for regnskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgåver og plikter etter disse standardane er gjort greie for nedanfor under Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandardar) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overhalde våre andre etiske plikter i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiinga sitt ansvar for årsregnskapet

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir et rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finner naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om framhald i drifta skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

PKF ReVisjon AS er medlem av PKF Global, et nettverk av medlemselskaper i PKF International Limited. Medlemmene er selvstendige juridisk uavhengige selskaper, og fraskriver seg ethvert ansvar for arbeid eller manglende arbeid utført av andre individuelle selskapsmedlem eller samarbeidende selskap(er).



Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet vårt er å oppnå tryggende sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggende sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han enkeltvis eller samla med rimelegheit kan ventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Oslo, 23. april 2024

PKF REVISJON AS

Øyvind Solberg
statsautorisert revisor



ÅRSREKNESKAP FOR 2023

**DEN MANGFALDIGE SCENEN AS
0159 OSLO**

Innhald

Resultatrekneskap

Balanse

Notar

Styret si melding

Melding frå revisor



RESULTATREKNESKAP

DEN MANGFALDIGE SCENEN AS

DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Notar	2023	2022
Inntekter			
Offentlige tilskot (via Det norske Teatret)		1 932 460	1 846 200
Tilskot frå Oslo Kommune		1 515 556	700 000
"Den Kulturelle skolesekken"		279 000	279 000
Inntekt/ tilskot frå eksterne samarbeidspartnarar		270 516	35 145
Sum inntekter		3 997 532	2 860 345
Driftskostnader			
Innleigde instruktørar og utøvarar		191 022	273 604
Lønnskostnad	2	3 455 848	2 135 989
Avskrivning på varige driftsmiddel	3	7 105	
Annan driftskostnad		551 375	396 976
Sum driftskostnader		4 205 350	2 806 569
Driftsresultat		-207 818	53 776
FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Renteinntekter bank		1 123	718
Sum finansinntekter		1 123	718
Finanskostnader			
Rentekostnader		389	121
Annan finanskostnad			367
Sum finanskostnader		389	488
Sum netto finansposter		734	230
Årsresultat	4	-207 084	54 006
Overføringer annan eigenkapital		-207 084	54 007
Sum disponert		-207 084	54 007



BALANSE

DEN MANGFALDIGE SCENEN AS

EIENDELER	Notar	31.12.2023	31.12.2022
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Kontormaskinar	3	38 222	0
Sum anleggsmiddel		38 222	
Krav			
Kundekrav			10 000
Andre krav		80 393	84 901
Sum krav		80 393	94 901
Bankinnskot		727 080	681 045
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		727 080	681 045
Sum omløpsmidlar		807 473	775 946
SUM EIGNEDELAR		845 695	775 946
EIGENKAPITAL OG GJELD	Noter	31.12.2023	31.12.2022
Eigenkapital			
Aksjekapital		60 000	60 000
Sum bunden eigenkapital		60 000	60 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		45 995	253 079
Sum annan eigenkapital		45 995	253 079
Sum eigenkapital		105 995	313 079
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		142 763	264 349
Skuld til offentlege myndigheter		183 597	97 340
Annan kortsiktig gjeld		413 340	101 179
Sum kortsiktig gjeld		739 700	462 868
Sum gjeld		739 700	462 868
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		845 695	775 947

Oslo, den 04.04.2024

Styret i Den mangfaldige Scenen AS

Magni Hjertenes Flyum
Styreleiar

Hans Tormod Antonsen
Styremedlem

Deise Faria Nunes
Styremedlem

Liv Hege Skagestad
Dagleg leiar



Den Mangfoldige Scenen AS

NOTAR TIL ÅRSREGNSKAPEN FOR 2023

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i tråd med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små verksemder

Inntekter:

Offentlige tilskot vert fakturert samarbeidspartner 4 gonger i året.
Andre inntekter vert bokført etter kvart som dei er leverte

Krav:

Kundekrav og andre krav er oppført i balansen til pålydande med eventuelle frådrag for avsetting til tap.
Avsetting til tap vert gjort etter ei individuell vurdering av kvart einskild krav.

Varige driftsmiddel:

Varige driftsmiddel som overstig kr. 15.000 vert balanseført og skrive av ut frå den forventa levetida på driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført som driftskostnader, medan påkostnader eller forbetringar vert lagt til kostprisen på driftsmiddelet og vert avskrive i same takt som sjølve driftsmidlet.

Forøvrig er følgjande rekneskapsprinsipp nytta:

FIFO-metoden for tilordning av kjøpskostnaden for ombyttbare finansielle eignedelar.
Prinsippet om lavaste verdi vert nytta for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar.

Skatt:

Den mangfoldige scenen AS er eit selskap som ikkje har profitt som føremål og er etter søknad til Skatteetaten såleis friteken for skatt i tråd med § 12-2 i Skattelova.

Note 2 - Tilsette, godtgjering m.v.

Det er registrert følgjande lønnskostnader for selskapet dei siste to åra:

	2023	2022
Lønn	1 808 695	1 112 007
Honorar	1 008 702	674 798
Arbeidsgjevaravgift	283 079	170 683
Pensjonkostnader	334 935	169 016
Andre ytingar	20 438	9 484
Sum lønnskostnader	3 455 849	2 135 988
Gjennomsnittleg tal årsverk	5	4

Note 3 - Driftsmiddel

	Tomter, bygningar og annan fast eigendom	Maskinar og anlegg	Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande
Kjøpskostnad 01.01.2023			0
Kjøp i år			45 327
Kjøpskostnader 31.12.2023	0	0	45 327
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2023			7 105
Bokført verdi pr 31.12.2023	0	0	38 222
Avskrivningar i år			7 105
Avskrivningar i år i %	%	%	30 %

Note 4 - Framleis drift

Årsrekneskapen for 2023 er sett opp der forutsetninga er framleis drift av selskapet.



F Ø R E M Å L

Den Mangfoldige Scenen AS (DMS) vart stifta 4. september 2013 og er eit barne- og ungdomsteater eigd med 1/3 kvar av Bondeungdomslaget i Oslo (BUL), Det Norske Teatret (DNT) og Noregs Ungdomslag (NU).


Selskapet sitt føremål går fram av § 3 i selskapet sine vedtekter:

Selskapet skal arbeide med å få fram sceniske uttrykk i møte mellom barne- og ungdomskultur og kulturarvar.

Barn og unge med ulik kulturell og sosial bakgrunn skal få høve til å uttrykke seg og utvikle og styrke dei skapande evnene sine.

Arbeidet skal styrke og fremje forståinga av nynorsk mellom barn og unge.

Selskapet sitt administrative språk er nynorsk.



Målgruppa er barn og unge i alderen 6-28 år.

DMS ble etablert gjennom eigeninnsats frå eigarane og initiativtakarane, under leing av Liv Hege Skagestad, og gjennom offentleg og privat prosjektstøtte. I 2011 kom DMS inn på statsbudsjettet over ramma til DNT, og frå 2017 har DMS hatt driftstøtte frå Oslo kommune.

F Ø R E M Å L

Verdigrunnlaget for DMS er:


Vi skal vere eit teater:

- ✦ der kvar enkelt blir sett og respektert for at "eg er den eg er"
- ✦ som opnar, frigjer og tek imot
- ✦ der ein tone, eit steg, ei rørsle, eit ord skaper eit møte



I N N H A L D

- | | |
|----------------------------------|---|
| 1.
Føremål | 24.
Skreddarsydd individuell utvikling |
| 4.
Melding frå styret | 25.
Fellesskap og kompetanseutveksling |
| KURS 2023 | 27.
Prisar |
| 5.
Kurstilbod i skular | 28.
Tilsette og engasjerte |
| 6.
I fritida | 29.
Tal på deltakarar, produksjonar og publikum |
| 12.
Produksjonar | 30.
Økonomi |



FRÅSTYRET

DMS har i 2023 hatt stor aktivitet, 258 barn og unge har vore med i vekentlege kurs, over 5800 unge på kortare kurs, og dei 302 framføringane har nådd fram til 11587 publikum. Den store aktiviteten skuldast at fleire prosjekt som har vore under planlegging før korona no blei realisert, som t.d Heime i nynorsken som var ein samproduksjon med Det Vestnorske Teatret. Vidare skuldast den auka aktiviteten styrkinga av driftstøtta frå Oslo kommune.

DMS har i 2023 også hatt gode samarbeid med eigarane. Saman med Det Norske Teatret har vi fått opp eit utvida tilbod til unge i Groruddalen, både gjennom kursrekka Rebell og produksjonen Er mikrofonen min på? DMS har vore sentral i ungdomslaga si jubileumframføringa for Bygdelagssamskipnaden 100 år og den store satsinga Ein dag i Nynorskens hus som er eit samarbeid med Bondeungdomslaget i Oslo og Målungdommen. DMS har som mål å dele kunnskap med ungdomslag i andre deler av landet og har sidan 2020 vore med i samarbeid i Fjaler kommune. Saman med Sandesenteret, Kulturskolen og Dale ungdomslag har DMS stått bak etableringa av barne- og ungdomsteateret FABEL i Trudvang ungdomshus. DMS har framleis hovudsete i BUL sine lokale, Nynorskens hus, i Rosenkrantzgate 8 i Oslo.

Styret i DMS er svært glade for den auka løyvinga frå Oslo kommune som ga oss høve til å tilsette dagleg leiar i 100% stilling. Saman med at administrasjonen har fått rom til å tilsette ein organisasjonsmedarbeidar i 50% stilling har vi sikra ei stødig leing og tydelgare utadretta informasjon. Viktig har også vore prosjektstøtte frå Bergesenstiftelsen og Sparebankstiftelsen DNB. I 2023 har styret starta arbeidet med utvikling av ein ny langsiktig strategi for DMS.

MELDING

Styret sine medlemmer har vore Magni Hjertenes Flyum (styreleiar og oppnemnt av NU), Hans Antonsen (oppnemnt av DNT) og Deise Faria Nunes (oppnemnt av BUL). Varamedlem er Tone Ingvaldsen (oppnemnt av BUL), Torbjørn Bergwitz Lauen (oppnemnt av NU) og Thine Slettbak Bugge (oppnemnt av DNT).

DMS har ei 50 % fordeling mellom kjønn blant tilsette/engasjerte. Kunstnarane og pedagogane har kulturbakgrunn frå mellom anna alle deler av Noreg, Kongo, Gambia, Martinique, Irak, Danmark, England, Pakistan, India, Filippinene, Equador og Etiopia.

Oslo, april 2024

Magni Hjertenes Flyum Hans Antonsen Deise Faria Nunes
Styreleiar

K U R S 2 0 2 3

KURSTILBOD I SKULAR

Den einaste staden ein møter alle barn er på skulane. DMS har hatt samarbeid med fleire skular i Oslo sidan oppstarten og eit hovudsamarbeid med Møllergata skule kor vi held fram med kurstilbod. I tillegg innleia vi samarbeid med Furuset skule om eit nytt kurstidbod frå 2024.

I 2019 blei vi invitert til eit svært betydningsfullt samarbeid med Den kulturelle skulesekken(DKS) i Oslo, og gjennom dette har vi fått opp kurs og produksjonar som når mange 1000 elevar. I 2020 etablerte vi samarbeid med Det Vestnorske Teatret om skuleproduksjon i Bergenregionen.

Gjennom samarbeidet med skulane og DKS får dei unge tilbod om korte kurs eller lengre kurs.

Dei korte kursa har varigheit på 1- 5 timar. Dette skjer i hovudsak i skuletid på grunnskulen eller vidaregåande skule.

Dei lengre kursa går over 20-70 timar, gjerne fordelt over fleire månadar der dei unge møter pedagogar og kunstnarar frå DMS 1-2 gonger i veka. Kursa finn stad i skuletid eller i aktivitetsskuletid. Prøvestad er på skulane, men dei unge er på framsyningar og regelmessige besøk i Nynorskens hus og på Det Norske Teatret.

Kursa ender i små visingar eller større framsyningar.

Aktiviteten på skulane er plattform for rekruttering til grupper som øver på fritida i Nynorskens hus.

I 2023 har vi hatt eit stort tilbod med korte kurs, særleg gjennom produksjonane «Heime i Nynorsken», «Ein dag i Nynorskens hus», «Vi er alle på veg heim» og samarbeidet med Flying Seaguls. (Sjå omtale «Produksjonar».)

I 2023 har vi tatt opp igjen aktiviteten på Møllergata skule og førebudd oppstart av aktivitet på Furuset skule.

Gruppe (13) Møllergata skule

Alder: 9-10 år, og familiane

Prøvestad: Møllergata skule (og i Nynorskens hus med Familiekoeret)
Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: samspeil, kreativt arbeid, improvisasjon, lek, å lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk/rørsle og å leite fram til egne uttrykk med utgangspunkt i nynorsk litteratur. I tillegg har vi under utvikling eit konsept Familiekoeret/Møllaklang der barn og familiane deira deltek.

Kurs: Haust

Instruktørar: Vemund Danielsen, Shwan Wahed, Jane Kelly, Sarah Camille



KURSER 2023

KURSTILBOD I FRITIDA

I 2023 har vi hatt følgende tilbod til unge i fritida:

GRUPE 1 HELTANE

Alder: 12-14 år
 Prøvestad: Nynorskens hus
 Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik, å lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk/rørsle og å leite fram til egne uttrykk og skape karakterar og tekstar.
 Kurs: Vår
 Instruktørar: Justina Brazaite




Foto: Maren Eline Markussen

GRUPE 3 PINOCCHIO

Alder: 12-14 år
 Prøvestad: Nynorskens hus
 Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Utvikling av manus og produksjon, arbeid med komposisjon, rørsle. (Sjå omtale «Produksjonar».)
 Kurs: Haust
 Instruktørar: Erlend Samnøen(regissør og dramatikar), Justina Brazaite(regiassistent), Gaute Storsve(komponist og musiker) og Jon Werede Hope(regiassistent og inspisient)
 Framsying: Desember 2023.



Foto: Annelen Røe

GRUPE 2 BRUMLETROLLET

Alder: 15-19 år
 Prøvestad: Nynorskens hus
 Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, tekstutvikling, tekstforståing/tekstformidling, scenisk handling, produksjon.
 Dette er ei gjenopptaking av framsyninga Brumletrollet for DKS i Oslo som blei vist for 900 6.-klassingar vinteren 2023. (Sjå omtale «Produksjonar».)
 Instruktør: Jon Werede Hope, Sarah Camille (dramatikar) og Max Levin Kugler (regiassistent)
 Framsying: Februar 2023.



Foto: Maren Eline Markussen



K U R S 2 0 2 3

GRUPPE 4 MÅNDAGSGRUPPA

Alder: 16-28 år
Prøvestad: Nynorskens hus
Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk/rørsle, arbeid med utvikling av tekst, framføring av tekst. Hovudvekt på arbeid med å leite fram til eigne uttrykk, tekstutvikling og diktfremstilling.
Kurs: Vår og haust
Instruktørar: Shwan Wahed
Framsyingar: Juni og november 2023



Foto: Tori Flaatten Halvorsen

GRUPPE (7) USYNLEG GLEDE

Alder 0-85 år
Prøvestad: Mela huset og Frisersalong på Grønland
Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Folk møtast for å fortelje. Ord blir til musikk og scener.
Instruktør: Shwan Wahed
Framsyingar: November 2023

Foto: Maren



GRUPPE (6) ER DET Plass TIL MEG

Alder: 11-20 år
Prøvestad: X-ray
Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, tryggleik, å uttrykke seg, rørsle, ord, tone
Dette er ein gruppe med barn og unge som har autisme.
Gjennom teatarbeidet har ungdom funne fram til sitt uttrykk.
Dei har jobba med oppsetting av Little blackfish
Kurs: Vår og haust
Instruktør: Shwan Wahed
Framsyingar: Juni og november 2023

Foto: Tori Flaatten Halvorsen

KURSER 2023

GRUPPE (8) PARABOLA

Alder: 15-25 år
Prøvestad: Nynorskens hus og Edvard Munch VGS
Kunstarleg/pedagogisk arbeid: Verkstader og produksjonsretta arbeid, rørsle, fysisk arbeid på scenen og dans.
Kurs: Vår og haust
Instruktør: Edwin Cabascango
Framsyingar: Bærtok på 125 november 2023
(Sjå omfale «Produksjonar».)



Foto: David Zadig

GRUPPE (10) COMMEDIA DELL'ARTE/MASKE


Alder: 17-19 år
Prøvestad: Nynorskens hus
Kunstarleg/pedagogisk arbeid: Utvikle forløp, ordløys forteljing, lære commedia dell'arte som uttrykksform og maskearbeid.
Kurs: Vår og haust
Instruktør: Vemund Danielsen
Framsyingar: Juni 2023

Foto: Maren Eline Markussen



GRUPPE (9) FABEL/PETER PAN OG FORTELJEKUNST

Alder: 12-15 år
Prøvestad: Trudvang ungdomshus, Fjaler
Kunstarleg/pedagogisk arbeid: Utvikling av framsyninga Peter Pan.
Instruktør: Torkil Sandsund
Samarbeid med Jakob Sande - senter for forteljekunst, Kulturskolen og Ungdomslaget
Framsyingar: Vår 2023



GRUPPE (11) TEATER PÅ RØDE KORS

Alder: 6-20 år
 Prøvestad: Stovner familiesenter
 Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik, evne til å lytte og å vere i dialog, gruppearbeid og dynamikk, utvikling av språket, leite fram til egne uttrykk.
 Kurs: Vår og haust
 Instruktør: Shwan Wahed

Foto: Den Mangfaldige Scenen



GRUPPE (12)
UNIVERSITET I OSLO
 Alder: 20-24 år
 Prøvestad: Blindern
 Kunstnarleg arbeid: Scenekunst som metode for oppsummering av studier/Midtøsten.
 Kurs: Vår
 Instruktør: Shwan Wahed
 Framsyning: Nynorskens hus juni 2023



Foto: Sigrid Felde



Foto: Den Mangfaldige Scenen


GRUPPE (14) FORTELJING OG POESI

Alder: 15-20 år
 Prøvestad: Oslo, Fjaler
 Kunstnarleg arbeid: Utvikle sin stemme gjennom poesi og forteljing
 Instruktør: Jeaninne Masika Harrysson
 Framsyningar: Ei hovudsatsing har vore saman med muskar Sigrid Felde. Ho har tonesatt dikt av Jeaninne, lanseringskonserten i Fjaler sommaren 2023. "Alt godt som enno ventar" var og med på Bygdelagsksamskipnadens jubileum på Det Norske Teatret. (Sjå omtale «Produksjonar».)

K U R S 2 0 2 3

GRUPPE (15) INNSLAG PÅ LITTERATURKVELDAR

Alder: 15–24 år
 Prøvestad: Nynorskens hus
 Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, kreativt arbeid, skodespelarteknikk og arbeid med karakter og scenisk handling, tekstforståing og formidling/dialog/monolog, dans og rørsle, song og ulike teaterformer (forteljing og song, skuggespel, danseteater, dukkespel, realistisk teater).
 Deltaking på Bartokpål23 og arrangement i regi av Samlaget/Samlagsrota med tekst av Olaug Nilssen, Ruth Lillegraven, Sigmund Løvåsen, Jon Fosse, Brynjulf Jung Tjønn.
 Instruktørar: Jon Werede Hope, Shwan Wahed og Vemund Danielsen



GRUPPE (16) SARAH CAMILLE MED KOR

Alder: 16–17 år
 Prøvestad: Steinerskulen/Studio
 Kunstnarleg arbeid: Kor til album.
 Instruktørar: Jane Kelly og Sarah Camille
 Framsyning: Kulturkirken Jakob september 2023 (Sjå omtale «Produksjonar».)

GRUPPE (17) ER MIKROFONEN MIN PÅ

Alder 16–18 år
 Prøvestad: Rommen scene
 Kunstnarleg arbeid: Utvikling av produksjon.
 Instruktørar: Alva Kaisa Odden Langedok og Jon Werede Hope
 Framsyningar: Rommen scene, Nynorskens hus og Det Norske Teatret. Oktober til desember 2023. (Sjå omtale «Produksjonar».)

KURS 2023

11.



GRUPPE (18) NORDLIGE FOLK

Alder: 19-27 år
 Prøvestad: Nynorskens hus
 Kunstnarleg arbeid: Uvikling av tekstar med sikte på framtidig produksjon på Riddu Riddu.
 Instruktør: Jane Kelly



GRUPPE (5) HEIME I NYNORSKEN

Alder: 20-32 år
 Prøvestad: Det Vestnorske Teatret, Bergen
 Kunstnarleg arbeid: Uvikling av framsyning. (Sjå omtale «Produksjonar».)
 Instruktør: Jon Wereide Hope, Liv Hege Skagestad
 Framsyningar: Det Vestnorske Teatret, april til mai 2023

GRUPPE (4) EIN DAG I NYNORSKENS HUS

Alder: 20-30 år
 Prøvestad: Nynorskens hus
 Kunstnarleg arbeid: Uvikling av framsyning. (Sjå omtale «Produksjonar».)
 Instruktør: Liv Hege Skagestad
 Framsyningar: Nynorskens hus, januar 2023





Foto: Den Mangfoldige Scenen

VI ER ALLE PÅ VEG HEIM

I samarbeid og med støtte frå DMS og Den kulturelle skulesekken har Jeaninne Masika Harrysson og Shwan Wahed utvikla produksjonen Vi er alle på veg heim. Gjennom 90 minutt lytter ungdommen til musikk og poesi, dei får oppgaver, skriv egne tekstar inn i diktsamlinga til Jeaninne og framfører. Produksjonen har fått svært gode tilbakemeldingar, og er spelt for fleire 1000 ungdom.

PRODUKSJONAR




Foto: Tori Flaatten Halvorsen og Maren Eline Markussen

DEN MANGFALDIGE FESTIVALEN

Shwan har hatt ein draum om å lage ein festival og scene der ikkje berre alle gruppene våre samlast, men der vi kan invitere inn andre som jobbar med det same verdigrunnlaget som er i DMS. Dette er ein festival for DMS-familien med venner. 3 dagar til ende med 9 framsyningar om arabisk heimplengsel, klimakamp, møte med psykologen, Er det plass til meg?, gjestespel frå Sjøraffen om å vere ungdom med funksjonshemming (Trondheim) og Holmen kirke med historia om Miriam(Bærum), trommekurs, konsert med Sarah Camille og ein musikalsk frisørsalong.

Festivalleiarar og kunstnarleg ansvarleg: Jon Werede Hope og Shwan Wahed.
Framsyningar: 3-5. november 2023

PRODUKSJONAR

13.

BYGDELAGSSAMKIPNADEN (BLS) 100 ÅR

DMS deltok med Liv Hege i programnemnd for markeringa, og hadde tre innslag under jubileumsframfyringa på Det Norske Teatret 28. oktober:

- Indisk-norsk folkedans i samarbeid med BLS barnelaget under leing av Lavleen Kaur.
- Urframføring av «Kompe!» ved Kjetil Solberg Stavenes.
- «Vi skal vere fjellet» ved Jeaninne Masika Harrysson og Sigird Felde.

Shwan Wahed deltok også blant muskarane.



Foto: Maren Eline Markussen

PRODUKSJONAR

14.



BRUMLETROLLET

Brumletrollet er ei forteljing om ungdom som tør å snakke om at ikkje alt alltid er så lett. Ei leikande framsyning som tar dei unge publikum med på ei eventyrlig reise gjennom musikk, rørsle, leiken tekst og rulleskøyter.

Utøvarar: Adenne Lin-Ji Ezimoch Sætereie, Jonathan Storsve,

Aksel Olaf Hørnes, Melina Karatonis

Regi: Jon Werede Hope

Tekst: Sarah Camille Osmundsen

Musikk og komposisjon: Ibou Cissokho og Salo Diarra

Scenografi: Kjersti Alm Eriksen

Regi assistent: Max Levin Kugler

Lyd og lys: Jøran Normann

Framsyingar: Februar 2023

Foto: Annelen Røe

PRODUKSJONAR

15.

EIN DAG I NYNORSKENS HUS

Produksjonen er ei vandreframsyning for 6. trinn i Osloskolen der dei får møte språkhistoria og ulike sceniske uttrykk. Dette skjer ved vandring gjennom Nynorskens hus, forteljingar, scener, oppgaver og ved at elevane sjølv står på scenen. Produksjonen hadde stor suksess i 2023 og spelte for 900 6. klassingar.

Utførarar: Jon Werede Hope, Mari Elise Haugen, Aila Sinober, Shazhard Gul Kahn, Kjetil Solberg Stravenes, Camilla Klaudiussen, Marie Lognva Danielsen.

Regi: Liv Hege Skagestad

Lys og lyd: Jøran Normann

Scenografi og kostyme: Kjersti Alm Eriksen

Framsyningar: Februar 2023



Foto: Maren Eline Markussen

PRODUKSJONAR



Foto: Det Vestnorske Teateret

HEIME I NYNORSKEN

I 2020 inngjekk Den Mangfoldige Scenen og Det Vestnorske Teateret avtale om at ein bearbeida versjon av Ein dag i Nynorskens hus skulle seijast opp i Bergen. DMS har i perioden 2021-2022 bearbeida manus/utvikla Bergen-konseptet, og vore med å velje ut utøvarane og kunstnarleg team. Etter fleire år med pandemi hadde framsyninga endeleg premiere i 2023. Regi: Jon Werede Hope i samarbeid med Liv Hege Skagestad. Maria Ellingsen Austbø har bidratt i utvikling av manus Skodespeleparar: Nicola Stephen, Lina Taule Fjærtøft, Arno Toivo Framsyningar: April og mai 2023.

PRODUKSJONAR
17.




Foto: Det Norske Teatret, Tori Flaatten Halvorsen og Maren Eline Markussen

ER MIKROFONEN MIN PÅ?

Produksjonssamarbeid mellom Det Norske Teatret/Rommen scene, Den unge scenen og DMS. Ei gruppe ungdomar tek eit oppgjær med tidlegare generasjonar. Klimaeiendingane er allereie store, men ungdomane veit at det verste ligg framfor dei. Med frå DMS var Adenne Lin-Ji Ezimoadh Sætereite, Aksel Olaf Hørnes, Melina Karatonis, og Jon Werede Hope var koreograf. Framsyningar: Oktober til desember 2023

PRODUKSJONAR



Foto: Liv Hege Skagestad og
Maren Eline Markussen

BARTOK PÅ 123

I samarbeid med Engedårskvartetten deltok vi på den årlege På 123 festivalen med 3 produksjonar. På 123 er ein klassisk minifestival og i 2023 var det komponisten Béla Bartók som vart hylla.

Regi: Shwan Wahed og Edwin Cabascango.

Framsyning: November 2023

PRODUKSJONAR

19.

THE FLYING SEAGULLS

Sommaren 2023 vidareførte vi samarbeidet med The Flying Seagulls, eit sirkuskompani med base i Trondheim som turnerar Noreg og Europa med kurs og framsyningar for barn og unge. Målet deira er å spreie glede for unge frå familiar med låg inntekt. DMS produserte ein Oslo-turné for kompaniet og dei spelte gratisframsyningar.



Foto: The Flying Seagulls



Foto: Maren Eline Markussen og Kristin Aafloy Opdan

ER DET SÅNN DET ER?

Sarah Camille har, inspirert av barn og ungdom, utvikla songtekstar. Saman med Jane Kelly har ho skapt musikk og arrangement for kor til tekstane. Materialet har no blitt til eit album og skal bli ein produksjon som har som mål å komme på turné og bli spelt og sunge saman med unge over heile Noreg. Albumet hadde lansering i 2023.

PRODUKSJONAR

21.

PINOCCHIO

Haugsten 2023 satte vi for fullt i gang med prøvene til Pinocchio som skal vere DKS framsyninga 2024-2025. Framsyninga «Pinocchio» tar for seg kor lett det er å velje feil, sjølv om du veit at det er feil.

På scenen står 12 unge skodespelarar frå DMS som saman skapar forteljinga om tredokka.

Regi: Erlend Samnøen

Regiassistent og insipient: Justina Brazait og Jon Werede Hope

Komposisjon og musikk: Gaute Storsvee

Kostyme: Kjersti Alm Eriksen

Lys/lyd: Jøran Normann

Førpremiere: Desember 2023.



Foto: Maren Eline Markussen

PRODUKSJONAR



**STIPEND OG
MENTORVERKSEMD**

DMS bidrar med ressursar slik at unge utøvarar kan utvikle sin kunstnarsskap. I 2023 har mottakarane vore:



SARAH CAMILLE



MARIE LONGVA DANIELSEN



JON WEREDE HOPE



JEANINNE MASIKA HARRYSSON


Foto: Den Mangfaldige Scenen

SKREDDARSYDD
INDIVIDUELL
UTVIKLING

SKREDDARSYDD INDIVIDUELL UTVIKLING

SOMMARJOBB

DMS har som mål å gi unge kompetanse innan instruksjon og leiling. I søknaden til Oslo kommune i 2022 skisserte vi utkast til sommarjobbprosjektene Cymbal, kor unge kunstnarar får jobbe fram ein framsyning ved hjelp av mentorer, og Framspel, kor vi skal lære opp unge instruktørar til å halde eigne kurs. Desse prosjekta blei endra og forma etter ungdomane vi engasjerte i sommarjobbar i 2023. Vi endte opp med 2 sommarjobbprosjekt med 6 ungdom:



2. SOMMARJOURNALISTANE

Sommarjournalistane hadde ein todelt oppgåve, å produsere Det Mangfaldige Magasinet og å produsere ein intervjufilm med politikarar under Arendalsveka, begge under rettleiing av Maren Eline Markussen. Ungdomane undersøkte problemstillingar knytt til kulturtilbod for barn og unge, og opparbeida seg journalistisk erfaring. Dei kontakta intervjubjekt, førebudde og gjennomførte intervjuar, og skreiv artiklar til magasinet og klippte saman ein video til bruk i sosiale medium.

1. UNGDOMSFESTIVALEN

SOMMAR 2023

Under leing av Jon Wereide Hope som rådgjevar blei det arrangert ein sommarfestival i Nynorskens hus, med over 20 ungdom på scenen. Her fekk ungdomane erfaring med marknadsføring, booking av kunstnarlege innslag og festivalproduksjon, i tillegg til å vere ansvarlege under gjennomføringa av arrangementet.

Foto: Den Mangfaldige Scenen



FELLESKAP OG KOMPETANSE- UTVEKSLING

I 2023 har DMS lagt vekt på skape flere fellesarenaer for tilsette og engasjerte i DMS. Målet er kompetanseutvikling og å styrke organisasjonen. I det høvet har DMS arrangert sommerfest for tilsette og samarbeidspartnarar i tillegg til to strategifrukostar for kunstnarar knytt til organisasjonen.

DMS har også bidrege med rådgjeving, kunstnarlege innslag og innlegg på følgjande:

- Konserthuset - konsert forteljing.
- Syrisk kulturförening Akershus.
- Landsmøte til Noregs Ungdomslag.
- Tønsbergfestivalen.
- Ung metro og fakkeltog.
- Samarbeid med Det Norske Teatret om styrka tilbod til unge i Groruddalen, Rebell.
- Deltaking i utvikling av senter for forteljekunst på Vestlandet.
- Lansering av kulturmeldinga Kunstmarkår.
- Metodeutveksling og deltaking på teaterworkshop i Wahran, Algerie.
- Teaterkonferansen.



Foto: Tori Flaatten Halvorsen og Maren Eline Markussen

NÆRARE OM SAMARBEID MED ROMMEN SCENE/DET NORSKE TEATRET

DMS ønsker å bidra til å utvide tilbodet til unge i Groruddalen, og som del av dette har vi samarbeidd med Det Norske Teatret om satsinga Rebell – eit scenekunsttilbod retta mot barn og ungdom og framsyninga «Er mikrofonen min på?».



REBELL

Foto: Det Norske Teatret

NÆRARE OM SAMARBEID MED JAKOB SANDE - SENTER FOR FORTELJEKUNST

I samarbeid med JSS etablerte vi i 2020 eit barne- og ungdomsforeljetheater i Dale, med hovudscene i ungdomshuset Trudvang. Dette vart vidareført i 2022 med Torkil Sandsund i regi og produksjonen Peter Pan hadde premiere i mars 2023. Ungdomshuset er no under full restaurering, mellom anna som følge av den auka verksemda med barn og unge.

DMS har sidan 2019 vore viktig bidragsytar i utviklinga av Sandesenteret, og samarbeidet held fram. I 2023 deltok fleire frå DMS på det nyetablerte Forteljekunstakademiet: Lavleen Kaur, Kjetil Solberg Stavenes, Shwan Wahed, Jeaninne Masika Harrysson, Liv Hege Skogestad og Maren Eline Markussen.



Foto: Tori Flaatten Halvorsen



FELLESKAP OG KOMPETANSE-UTVEKSLING



P R I S A R

2011

HULDAPRISEN

Liv Hege Skagestad fekk Huldaprisen for arbeidet med DMS.

2016

PUBLIKUMSPRISEN

DMS fekk saman med Det Norske Teatret publikumsprisen av Norsk publikumsutvikling.

2020

OSLO BYS KULTURPRIS

DMS ved Camara Joof og Liv Hege Skagestad fekk Oslo byes kulturpris.

2022

ORPHAN JOY FOUNDATION IN NOWAY

DMS ved Shwan Wahed fekk pris for arbeid med unge av Orphan Joy Foundation in Norway.

2020

SPELEMANNSPRISEN

Sarah Camille mottok Spelemannsprisen for albumet «Spør av dråper og røde nebb»

2022

HEDDAPRISEN

Camara Lundestad Joof mottok Heddaprisen for Beste scenetekst med 'De må føde oss eller pule oss for å elske oss'.

Foto: Oslo kommune/Sturlason,
Kristin Opdan og Skjalg Vold





FØLGJANDE HAR VORE TILSETT OG ENGASJERT I DMS I 2023:

Instruktørar, lærarar, kunstnarar og rådgjevarar: Jon Werede Hope, Camara Joof, Sarah Camille, Shwan Wahed, Lavleen Kaur, Kjetil Solberg Stavenes, Liv Hege Skagestad, Ailla Sinober, Maria Ellingsen Austbø, Mari Elise Haugen, Shazad Khan Gul, Jane Kelly, Edwin Cabascango, Jeaninne Masika Harrysson, Justina Brazait, Gaute Storsve, Vemund Danielsen, Tomas Harrysson, Tove Bakke, Torkil Sandsund, Camilla Klaudiussen, Max Levin Kugler, Ibou Cissokho, Solo Diarra, Adenne Lin-Ji Ezimoah Sætereie, Aksel Olaf Hørnes, Melina Karatonis, Jonathan Storsve, Nuela Sesay, Berljot Heyerdahl Skagestad, Nirvana Froagh, Kjersti Alm Eriksen og Jøran Normann.

Olav Kårevik rekneskapsfører og Maren Eline Markussen organisasjonsmedarbeidar, Liv Hege Skagestad dagleg leiar.

Foto: Den Mangfaldige Scenen



TILSETT OG ENGASJERT



Gruppe/prosjekt	Tal framsyningar	Tal unge med i lengre kurs	Tal unge med i korte kurs	Publikum
Framsyingar i samarbeid med Den kulturelle skulesekken				
Gruppe 2 Brumletrollet	10	4		900
Gruppe 3 Pinocchio	1	12		80
Gruppe 4 Ein dag i Nynorskens hus	30	6	900	900
Gruppe 5 Heime i Nynorsken	20	3	1200	1200
Vi er alle på veg heim	120	1	3120	3120
Unge 18 år -				
Gruppe 14 Torshovdalen	1	6		25
Gruppe 7 Usynleg glede	12		72	240
Gruppe 7 Frisør	52	4		200
Gruppe 8 Parabola	3	15		100
Gruppe 5 Måndagsgruppa	1	8		60
Gruppe 14 Jeaninne produksjonar	7	3		1000
Gruppe 16 Sarah Camille nykor	5	15		600
Ungdom 13-20 år				
Gruppe 17 Er mikrofonen på	10	7		300
Gruppe 18 Nordlige folk		12		
Gruppe 10 Commedia dell'arte/klovn	3	5		40
Gruppe 15 Innslag på litteraturkveldar og seminar, dikt og føredrag	4	10		300
Born/ungdom 10 - 14 år				
Gruppe 1 Heltane	1	8		40
Gruppe 9 FABEL/Peter Pan og forteljekunst	10	20		500
Gruppe 6 Er det plass til meg	3	28		180
Gruppe 12 Teater Blindern	1	16		180
Gruppe 11 Teater på Røde kors - Shwan Waned		10	30	
Born 6 -11 år				
Flying Seagullis - Sirkusframsyingar + kurs	5		200	200
Gruppe 13 Møllergata skule		15	40	
Den Mangfaldige Scenen Festivalar				
Novemberfestivalen	9		121	342
PÅ123	3	6	40	400
Ungdomsfestival sommar 2023	10	3	20	100
Andre				
BLS 100 år (Lavleen m barn, Kjetil, Sigrid, Jeaninne, Shwan)	3	24		400
Sommarjournalisane, video og avis		5		
Konserthuset, konsert forteljing	2	2		150
Syriske kulturforening Akershus	2	2		40
Deltaking NU, innlegg	1			60
Tønsbergfestivalen, framsyning	1	2		300
Forteljekunstakademi, kurs og framsyning	2	2	60	100
Ung metro, rådgjeving		2	12	30
Fakkeltøget, rådgjeving		2	20	
TOTALT	302	258	5835	11587

TAL DELTAKARAR, PRODUKSJONAR OG PUBLIKUM



RESULTATREKNESKAP DEN MANGFALDIGE SCENEN AS



	Notat	2023	2022
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Inntekter			
Offentlige tilskot (vis Det norske Teatret)		1 932 460	1 846 200
Tilskot frå Oslo Kommune		1 515 556	700 000
"Den Kulturelle skolessekten"		279 000	279 000
Inntekt/ tilskot frå eksterne samarbeidspartnarar		270 516	35 145
Sum inntekter		3 997 532	2 860 345
Driftskostnader			
Innleigde instruktørar og lærarar	2	191 022	273 604
Lønnskostnad		3 455 848	2 135 989
Avskrivning på vatte driftsmiddel	3	7 105	
Annan driftskostnad		551 375	396 976
Sum driftskostnader		4 205 350	2 806 569
Driftareultat		-207 818	53 776
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Renteinntekter bank		1 123	718
Sum finansinntekter		1 123	718
Finanskostnader			
Rentekostnader		389	121
Annan finanskostnad			367
Sum finanskostnader		389	488
Sum netto finansposter		734	230
Anneresultat	4	-267 084	54 006
Overføring annan egenkapital		-207 084	54 007
Sum disponert		-267 084	54 007



HALD DEG OPPDATERT



WWW.MANGFALDIGE.NO



[@DENMANGFALDIGESCEENEN](https://www.instagram.com/DENMANGFALDIGESCEENEN)




[DEN MANGFALDIGE SCENEN](https://www.facebook.com/DENMANGFALDIGESCEENEN)



DEN MANGFALDIGE SCENEN


BARNE- OG UNGDOMSTEATER


30.





ÅRSRAPPORT 2023

DEN MANGFALDIGE SCENEN BARNE- OG UNGDOMSTEATER

 WWW.MANGFALDIGE.NO

 POST@MANGFALDIGE.NO

 [@DENMANGFALDIGESCENEN](https://www.instagram.com/DENMANGFALDIGESCENEN)

 [DEN MANGFALDIGE SCENEN](https://www.facebook.com/DENMANGFALDIGESCENEN)

Rosenkrantz' gate 8,
0159 Oslo

ORG.NR. 912583813